

BØ KOMMUNE I TELEMARK
Postboks 83
3833 BØ I TELEMARK

Dato: 17.12.2019
Saksref: 201916784-4
Dykkar ref.: 19/1873-11
Side: 1 / 3

Førespurnad til: Dag Terje Jenssen
Telefon:
Mobil: +47 91656226
E-post: dag.terje.jenssen@banenor.no

Midt-Telemark kommune - uttalelse til varsel om oppstart av arbeid med arealdelen av kommuneplan 2021-33 og høyring av planprogram

Viser til dykkar brev av 07.11.2019.

Sørlandsbanen er ein nasjonalt viktig jernbane både for persontog og gods, og utgjer eit vesentleg premiss for samfunnsutviklinga i Midt-Telemark kommune. Også sørre del av Tinnosbanen og nordre del av Bratsbergbanen ligg i kommunen, og må tas omsyn til i arbeidet med kommuneplanen.

Viktige stasjonar og stoppestader i Midt-Telemark kommune er mellom anna Nordagutu, Gvarv og Bø.

Jernbanens arealbehov

Bane NOR forutsett at areal som er naudsynte for jernbanens infrastruktur vert teke omsyn til i kommuneplanarbeidet. Samferdselsformålet Bane skal nyttast for dei areala vi eig og som er viktige for jernbanens infrastruktur, mellom anna eksisterande sporareal/jernbanetrase og tilhøyrande stasjonar.

Vi minner samstundes om Jernbanelovas § 10 som vil gjelde uavhengig av om den vert teke med i kommuneplan eller ikkje. Vi anbefalar derfor at omtale av denne vert take med som retningslinje.

Bane NOR har laga ei utgreiing om ny tømmerterminal i Telemark. Utgreiinga anbefalar at det skal jobbast vidare med tømmerterminal på Sunde ved Nordagutu, og det er aktuelt med alternativ på både sider av Sørlandsbanen. Bane NOR ynskjer difor at det i arealdelen skal avsettast naudsynt areal til slik tømmerterminal på både sider av jernbanen.

I kommuneplanens planprogram 8.3 opplyst det at sitat: «I gjeldande planar har ein sikra ein framtidig trasé for framtidig høgfartsbane gjennom Bø og Sauherad. I ny plan må det takast stilling til om dette skal vidareførast.».

Bane NOR påpeiker at det ikkje jobbast med høgfartsbane frå offentlege styresmakter og at det så langt me veit ikkje kjem til å bli sett i gang slikt arbeid i denne planperioden.

Tryggleik og planfaglege krav og overordna KU og ROS-analyser

I samband med planprosessen må det gjerast overordna vurderingar av om ny arealbruk kan få konsekvensar for jernbanen og jernbanens tryggleik. Vi minner om at økt/utvida bruk av planovergangar med jernbanen er konfliktfylt, og at etablering av nye planovergangar ikkje vert tillate.

Bane NOR forventar at ny arealbruk som medfører økt/utvida bruk av planovergangar utan risikoreduserande tiltak ikkje vert tillate. Likeins må villkryssing av jernbanen (ulovleg ferdsl i eller over spor) unngåast. Sistnemnte bør vektleggast der jernbanen dannar ei barriere mellom viktige funksjonar, som til dømes mellom nye bustadområde på den eine sida av jernbanen, og skoler eller arbeidsintensive arbeidsplassar på andre sida.

Det er positivt med auka fokus på naturfarar if kommuneplan. Bane NOR er opptekne av at ny arealbruk tilgrensande jernbanen ikkje skader eller forulempar jernbanas anlegg, eksempelvis som følge av at ny arealbruk kan utgjere fare for masseforflytning, økt/endra avrenning, og/eller anleggsarbeid mot jernbana. Difor bør det gjærast overordna vurderingar på dette plannivå om slike forhold, og vi forventar som minimum at dette vert ivareteke samband med reguleringsplanprosessar.

ROS-analysen bør difor innlemme jernbane som tema i forbindelse med kommuneplanarbeidet og vi anbefalar at spesielt ovanfornemnte tema vert utgreia.

Sikringssone for jernbane over tunnelar og kulvertar

Det er fleire jernbanetunnelar i kommunen. Alle tunnelar og kulvertar skal ha ein omsynssone som tydeleggjer at det ligger anlegg i grunnen. Bane NOR meiner det vil være hensiktsmessig å sikre tunnelanlegget både i plankartet og føresegnene. Kommunen bør leggje inn ein omsynssone sikring i plankartet (kode H 190), og teiknast som eit 60 meter breitt belte over sporet, altså 30 meter på kvar side regnet frå sporets midtlinje.

I føresegnene knytt til omsynssona bør følgjande leggast inn:

Innanfor omsynssone for sikring - restriksjonar over jernbanetunnel (H 190) er det ikkje tillate med tiltak som medfører sprenging, peleramming, spunting, boring i grunnen, tunneldriving, fundamentering og påføring av tilleggslastar, eller som på annan måte kan skade tunnelanlegget, utan spesiell tillatelse frå forvaltningsstyresmakten.

Regional og nasjonal arealpolitikk

Det er positivt at kommunen ønsker å utvikle nokre få tettstader og at 70 % av bustadbygging i kommunen skal skje innafor tettstadane Bø og Gvarv som også har jernbanestasjon. Bane NOR støtter opp om slik knutepunktsutvikling.

Når det gjeld etablering av ny busetnad (mellom anna sentrumsformål, næring og bo), forventast det at Midt- Telemark kommune heng saman med prinsippa lagt ut i «Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging» (SRP). «Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte byer og tettstader, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlege transportformer.»

Det bør også leggast til rette for og satsast på gode og trygge gang- og sykkelveggar som kan nytte saman bustadområda, sentrumsområda og jernbanestasjonar.

Våre krav til planlegging i nærleiken av jernbana finns i vår rettleiar for nasjonale interesser i arealplanlegging: <https://www.banenor.no/Om-oss/sikkerhet2/Veileder-for-god-planlegging/>
Vi forventar kommunen set seg godt inn i vår rettleiar før det utarbeidast planforslag.

Med helsing

Ragnhild Lien
seksjonssjef
Planavdelingen, Forvaltning og
samfunnskontakt

Dag Terje Jenssen
planleggar

Dokumentet er godkjend elektronisk og sendas utan signatur

Mottakarar:

BØ KOMMUNE I TELEMARK

Kopi:

FYLKESMANNEN I VESTFOLD OG TELEMARK